

# Kommunal planstrategi – innhald og prosess.

## Innhald og prosess

Heradsstyret skal minst ei gong i kvar valperiode, og seinast eit år etter konstituering, utarbeida og vedta ein communal planstrategi, jf. plan- og bygningslova § 10 -1. Føremålet er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta opp eller vidareføra for å leggja til rette for ei ynskt utvikling. Eit viktig siktemål er å styrka den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast.

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal heradsstyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast. Planstrategien er også eit viktig verktøy for å vurdera planressursar, og den samla trøngen til kommunedelplanar, tema- og sektor (fag)planar, samt viktige offentlege reguleringsplanar. Strategien skal også ta stilling til om planar bør opphevast.

Kommunal planstrategi er ikkje ein plan, men ein arena for å drøfta utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon.

Kommunen skal i arbeidet med communal planstrategi innhenta synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Kommunen bør leggja opp til medverknad og allmenn debatt som grunnlag for handsaminga.

Forslaget til vedtak i heradsstyret skal og gjerast offentleg kjent, minst 30 dagar før handsaminga i heradsstyret.

## Grunnlag

Grunnlag og premissar for ny planstrategi vert henta i frå;

- FN sine 17 berekraftmål
- FN sin naturavtale –«Kunming -Montreal Global Biodiversity Framework (GBF)
- Gjeldande planstrategi frå 2020 for Kvam herad
- Folkehelseoversikt for Kvam 2024-2027
- Statusoversikt over gjeldande kommune- og kommunedelplanar, samt andre strategiske temoplanar
- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Kvam herad 2015 – 2019, evt. ny oppdatert versjon av denne.
- Nasjonale forventningar til regional og communal planlegging (Kgl.res) – 2023 -2027
- Statlege planretningsliner
- Regionale planar, temoplanar og strategiar
- Utfordringar for Vestland
- Fylkesplan og fylkesdelplanar
- Samfunnsdelen til kommuneplanen

- Kommuneplanen sin arealdel
- Kommunedelplan for Kvamskogen
- Kommunal oversikt - reguleringsplanar
- Kommunedelplanar for ulike verksemderområde
- Kommunale temaplanar, analysar, utgreiingar og større prosjekt.
- Heradsstyret sitt budsjettvedtak for 2024

## Målsetjingar for prosjektet

1. Evaluera gjeldande planstrategi
2. Innan 09.12.2024 vedta kommunal planstrategi for Kvam herad.
3. Planstrategien skal innehalda ei drøfting av strategiske val knytt til:
  - Folketalsutvikling og samansetjing
  - God oppvekst og godt liv
  - Omstettingsdyktig næringsliv, rekruttering og kompetanse
  - Framtidig utbygging
  - Klima- og miljøvenleg utvikling
  - Jordvern, kulturlandskap og naturmangfald
  - Transport- og infrastrukturutbygging
  - Effektive, digitale og innovative tenester og lokalsamfunn
  - Deltakande innbyggjarar
  - Mangfald og integrering
  - Samfunnstryggleik
  - Kommunal tenesteyting og forvaltning og utfordringar innafor kommunen sine tenesteområde
4. Setja dei nasjonale og regionale forventingane inn i ein lokal målestokk.
5. Evaluera kommunen si trong til å revidera kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel
6. Definera kommunen sin trong til offentlege planar i denne heradsstyreperioden.

## Organisering

Heradsstyret skal gje gjeldende vedtak om start og innhald i prosessen, og til slutt vedta den endelige planstrategien. Formannskapet innstiller til heradsstyret ved oppstart og sluthandsaming.

Rådmannen har ansvaret for at prosjektet vert gjennomført innafor vedtekte rammer og gjeldande framdriftsplan, og organisering av medverknad.

Høyringsutkastet får ikkje ordinær politisk handsaming før utsending. Det vert ikkje lagt opp til offentleg ettersyn av planstrategien, men framlegg til ny planstrategi skal leggjast fram 30 dagar før sluttvedtaket, jf. plan- og bygningslova § 10-1.

## Framdrift

Frist	Oppgåve
22.02.2024	Arbeidsmøte i formannskapet
14.03.2024	Vedtak i heradsstyret om prosess og framdrift
01.04.2024	Innhenting av synspunkt ifrå statlege og regionale styremakter
13.06.2024	Møte i formannskapet - orientering om folkehelseoversikt og kunnskapsgrunnlag
15.09.2024	Høyringsutkast til utsending i frå rådmannen
14.11.2024	Vedtak om ny planstrategi i heradsstyret